



Saksframlegg

Felles klimaplan for Vest-Telemark - mindre rullering av handlingsplanen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		
Kommunestyret		

Dokument i saka: [Klimaplan for Vest-Telemark](#)

Vedlegg

- 1 Handlingsdel til Klimaplan 2025
- 2 Tiltak i Fyresdal sin handlingsdel til klimaplan 2023
- 3 Oppsummering og vurdering av innspel frå høyringa
- 4 Ungdomsrådet - Saksprotokoll 07.05.25 sak 12/25
- 5 Alle innspela til høyring og offentlig ettersyn
- 6 Saksframlegg i rådsmøte 14.10.25, sak 41_2025
- 7 Referat frå møtet i Vest-telemarkrådet sak 41


Bakgrunn for saka:

Kommunane i Vest-Telemark utanom Fyresdal vedtok hausten 2022 ein felles klimaplan. I 2023 vedtok Fyresdal ein klimaplan som var identisk med resten av kommunane i Vest-Telemark, men med ein eigen handlingsdel med færre tiltak. Vår handlingsdel frå 2023 ligg ved som vedlegg 2.

Klimaplanen tek for seg 7 tema:

- Arealforvaltning – *Ta vare på naturen gjennom berekraftig arealforvaltning*
- Jordbruk – *Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk*
- Skogbruk – *Minimere avskoging og auke det totale opptaket av klimagassar*
- Sirkulærøkonomi og avfall – *Frå verdilaust til verdifullt*
- Transport – *Redusert klimagassutslepp frå transport*
- Innkjøp – *Redusert klimaavtrykk frå innkjøp*
- Enøk – *Redusere energibruk*

Det er satt ned ein gruppe på tvers av kommunane for å jobbe aktivt med gjennomføring av tiltaka for å nå måla i planen. Denne gruppa blir kalla



klimaforum. Fyresdal kommune sin representant inn i denne gruppa er Elin Skålid, landbruksrådgjevar.

Vest-Telemarkrådet vedtok i rådsmøte 04.02.25, sak 04/25, å starte opp arbeidet med å ei mindre rullering av handlingsdelen til klimaplanen for Vest-Telemark. Vest-Telemarkrådet er eit regionalt samarbeid mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. I rådet møter ordførarane og kommunedirektørane dei seks kommunane. Vedtaket var fylgjande:

Sak 04/2025 vedtak:

- 1) Vest-Telemarkrådet vedtek å starte opp arbeidet med å revidere handlingsdelen i klimaplanen for Vest-Telemark i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.*
- 2) Vest-Telemarkrådet og klimaforumet vil omarbeide handlingsdelen før han vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.*
- 3) Høyringsperioden blir koordinert av Vest-Telemarkrådet, og innkomne høyringsinnspel vil bli samanfatta og vurdert av klimaforumet.*
- 4) Revidert handlingsplan vil etter høyring, kome opp som sak i Vest-Telemarkrådet og deretter i kvar av kommunane.*
- 5) Tiltaksdelen vert rullert 2. kvart år.*

Planstatus

Klimaplanen har status som kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, og er vedteken i kvart kommunestyre. Planen er difor bindande som styringsverktøy for kommunane.

Prosess og medverknad

Det er gjennomført ei mindre rullering av handlingsdelen, med mål om å revidere, presisere og prioritere tiltaka. Kunnskapsgrunnlaget, satsingsområda og målsetjingane i klimaplanen er ikkje rullert i denne omgang.

Klimaforum varsla oppstart av mindre rullering av handlingsplanen for klimaplanen med frist for innspel 25.04.25. Det kom inn eit innspel innan fristen.

Ungdomsrådet i Fyresdal kommune fekk høve til å kome med innspel til planarbeidet i møte 07.05.25, sak 12/25, vedlegg 4. Det var ein god diskusjon rundt temaet klima og tiltak i rådet. Vedtaket i ungdomsrådet var fylgjande:

Fyresdal ungdomsråd syntes at de framlagte tiltaka i klimaplanen er gode og har ingen tilleggs merknadar.

Ungdomsråd i andre kommunar har også kome med innspel til planarbeidet. Desse innspela er teke med og vurdert av klimaforum før den vart sendt på høyring og offentleg ettersyn.

Klimaforum har etter varsel om oppstart redusert talet på tiltak frå 59 til 35. Endringane inkluderer:

- Prioritering og fjerning av nokre tiltak frå kvart temaområde
- Fjerning av vage formuleringar

- Samanslåing av tiltak
- Fjerning av lovpålagde krav
- Fjerning av tiltak som er gjennomførte

Revidert handlingsplan har vore på intern høyring i kommuneadministrasjonane i mai og juni 2025, og den vart sendt ut på offentleg høyring 02.07.25, med frist for innspel 19.09.25. Høyringa vart kunngjort i Vest-Telemark blad, på kommunane og Vest-Telemarkrådet sine heimesider og Facebook-sider. Varsel om høyring vart sendt på e-post til relevante aktørar, inkludert Statsforvaltaren, Fylkeskommunen, Renovest, IATA, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, skogeigarlaga og Naturvernforbundet.

Anne-Sofie Bergene Strømme, plan- og miljørådgjevar i Vinje kommune, har teke imot høyringssvar og formidla desse vidare til klimaforum. Det har kome inn 7 høyringsfråsegn innan høyringsfristen, innspela ligg i sin heilskap i vedlegg 5. Innspela er gjennomgått av og vurdert av klimaforum, sjå vedlegg 3.

Vurdering:

Det er ikkje sett målbare mål for enkeltståande tiltak i denne rulleringa. Dette bør vurderast ved ei full rullering, der ein også må greie ut korleis måling skal skje med tanke på referanseår, indikatorar og tilgjengelege data.

Ei oversikt over gjennomførte tiltak frå 2022-2025 er inkludert i handlingsdelen, for å syne kva kommunane og klimaforum har arbeidd med etter at planen vart vedteke i 2022. Det er lagt opp til at kvar kommune står fritt til å prioritere tiltak etter lokale behov og kapasitet. Klimaforum skal bidra til felles gjennomføring, kunnskapsdeling og kompetanseheving på tvers av kommunane.

Frå oppstartsdokumenta for klimaplanen heiter det:

«Det er viktig å oppretthalde engasjementet og viljen til å sette tiltaka ut i livet. Det vert difor foreslått å nedsette eit forum/utval beståande av ein representant frå kvar kommune og der Vest-Telemarkrådet er sekretariat. Mandatet til eit slikt klimaforum vil vera å prioritere, initiere og gjennomføre/koordinere tiltak i handlingsdelen».

Klimaforumet inviterer inn fagpersonar frå kommunane og ekstern bistand utanifrå ut frå behov og satsingsområde. Vest-Telemarkrådet er ansvarleg for å organisere møta i klimaforumet og trygge framdrift i koordinering og iverksetting av tiltak.

Fyresdal kommune har hatt sin eigen handlingsdel med færre tiltak enn i handlingsdelen til dei resterande VT-kommunane. Målet med rulleringa no har vore å revidere tiltaka, slå saman, presisere og prioritere tiltak. Eit resultat av dette er at dei to handlingsdelane har kome nærare kvarandre.

Handlingsdelen for Vest-Telemark 2025 startar med fylgjande:

Kommunane kan sjølv prioritere tiltak i handlingsdelen ut frå kapasitet og økonomi. Klimaforum fylgjer også opp gjennomføring av tiltak i fellesskap for å nå måla i planen. Klimaforum arbeider for kunnskapsutveksling og kompetanseheving i kommunane innan dei sju tema i planen.

Mandatet til klimaforum er å prioritere, initiere og gjennomføre/koordinere tiltak i handlingsdelen

Det er enklare å vere ein del av eit fellesskap og enklare å få til ting saman. Difor er det no lett å tilrå at Fyresdal kommune sluttar seg til den handlingsdelen som no blir presentert.

Rullering av handlingsdelen var oppe i Vest-telemarkrådet 14.10.25.

Det vart gjort nokon endringar på satsingsområdet Transport. Referat frå saka ligg som vedl. 7 og det tilrådde vedtaket frå rådet er som fylgjer:

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet rår kommunestyra til å vedta handlingsdelen i klimaplanen med følgjande endringar:

- 1) Legg til eit tiltak om å: Redusere bilbruk og styrke lokal mobilitet gjennom deling av privat transport. Undersøkje moglegheiter for å ta i bruk samkøyringsapp i Vest-Telemark.***
- 2) Endre tiltak om informasjon om kollektivtransport til: Styrke og synleggjere eksisterande kollektivtransporttilbod i Vest-Telemark. Samarbeide med fylkeskommunen om ein kampanje for å betre kollektivtilbodet i distrikta.***

Konklusjon:

Etter rullering er det ikkje mykje som skil handlingsdelen som har ligge til grunn i Fyresdal og handlingsdelen til resten av kommunane. Kommune kan også sjølv prioritere mellom tiltaka i handlingsdelen ut frå kapasitet og økonomi. Derfor vert det tilrådd at Fyresdal kommunen vedtek handlingsdelen med endringar slik Vest-Telemarkrådet har rådd til å gjere.

Fyresdal kommune vedtek handlingsplanen i klimaplan for Vest-Telemark, i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, slik den ligg føre med dei endringane som er vedteke i rådsmøte 14.10.25, sak 41/2025.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune vedtek handlingsplanen i klimaplan for Vest-Telemark, i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, slik den ligg føre med dei endringane som er vedteke i rådsmøte 14.10.25, sak 41/2025.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk